



Kvinnherad kommune

Fellestenester  
Politisk sekretariat

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Saksbehandlar  
Torill Slåke

Tlf. direkte innval  
53483264

Vår ref.  
2011/2103-4

Dykkar ref.  
«REFDATO»

Dato  
12.10.2011

## Særutskrift - BS - 125/1 - reiskapsbod - Mannsvatn - Kåre Vetrhus

Kvinnherad forvaltningskomite hadde saka føre i møte 05.10.2011 med vedtak nr 2011/159.

Vi legg ved utskrift av møteboka og syner til vedtaket.

Då saka gjeld dispensasjon etter plan- og bygningslova kap 19, vert kopi av vedtaket også send til berørte regionale og statlege mynder for eventuell klagevurdering.

Dette brevet er sendt elektronisk utan underskrift og vert ekspedert med e-post som inneheld lenkje til kommunen sin arkiv webmodul.

Her kan de finna alle dokument som er vedlegg til saka:

<http://83.242.24.13/Modules/innsyn.aspx?mode=sa&SelPanel=2&ObjectType=ePhorteCase&VariantType=Innsyn&ViewType=Detail&Query=ePhorteCase.ID:33317>

Dersom du vurderer å klaga på vedtaket, viser vi til reglane i forvaltningslova samt eventuelt bestemmelsar i særlov om klage.

Eventuelle spørsmål kan rettast til saksbehandlar.

Med helsing

Bente Høyland  
Møtesekretær

Kopi til:  
Torill Slåke

Mottakrar:

Fylkesmannen i Hordaland    Postboks 7310    5020 Bergen

Kåre Vetrhus    Hauglandsvegen 30    5463 USKEDALEN

Hordaland fylkeskommune    Postboks 7900    5020 Bergen

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe Saksbehandlar

2011/2103-3 Torill Slåke

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2011/159	Forvaltningskomiteen	05.10.2011

Dispensasjon - 125/1 - reiskapsbod - Mannsvatn - Kåre Vetrhus

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad forvaltningskomite gjev med heimel i pbl § 19-2 dispensasjon frå arealføremålet LNF i gjeldande kommunedelplan slik at eit tiltak uthus/vedbu på 125/1 kan omsøkjast og handsamast etter pbl § 20-2 i samsvar med framlagte planar.

Forvaltningskomiteen meiner at omsyna bak planen ikkje vert tilsidesett, og ulempene ved dispensasjon er mindre enn føremonene.

Før tiltaket kan igangsettjast må det vera gjevast løyve etter Plan- og bygningslova § 20-2.

Behandling i Forvaltningskomiteen den 05.10.2011

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 05.10.2011

Kvinnherad forvaltningskomite gjev med heimel i pbl § 19-2 dispensasjon frå arealføremålet LNF i gjeldande kommunedelplan slik at eit tiltak uthus/vedbu på 125/1 kan omsøkjast og handsamast etter pbl § 20-2 i samsvar med framlagte planar.

Forvaltningskomiteen meiner at omsyna bak planen ikkje vert tilsidesett, og ulempene ved dispensasjon er mindre enn føremonene.

Før tiltaket kan igangsettjast må det vera gjevast løyve etter Plan- og bygningslova § 20-2.

Saksutgreiing:

FAKTAOPPLYSNINGAR:

Søklar: Kåre Vetrhus, Hauglandsvegen 30, 5463 Uskedalen

Søknad dagsett: 30.08.2011


Om søknaden og eigedommen:

## Side 4



Figur 1 Oversiktskart

Det er søkt om dispensasjon frå gjeldande planar for å byggja uthus/vedbu på gnr/ bnr 125/1 – Mannsvatnet i Uskedalen. Bygget er ca 10 m<sup>2</sup> og er tenk oppført ved hytta tilhøyrande bruket. Merk at denne behandlinga berre omfattar dispensasjon.



## Arealstatus

Området er omfatta av kommunedelplan godkjent 20.92.2003. Det er ikkje reguleringsplan i området. Kommunedelplanen viser arealføremål LNF.

Aktuelle lovheimlar.

Det omsøkte tiltaket krev dispensasjon etter pbl § 19 frå kommunedelplanen.

“Dispensasjon kan ikkje gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres frå, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter samlet vurdering”.

## Figur 2 Utsnitt kommuneplan

Nabovarsel


Naboar/gjenboerar er varsla og det er ikkje motteke merknader.

Vatn og avløp

Bygget inneheld ikkje installasjonar/rom som endrar eksisterande vatn og avløpssituasjon.

Uttale frå statlege/regionale myndigheiter

Saka blir etter handsaming i forvaltningskomiteen sendt regionale myndigheiter for klagevurdering. Administrasjonen finn at nasjonale interesser ikkje vert berørte og at dispensasjonsvedtaket vert gjort utan uttale frå regionale myndigheiter.



## VURDERING:

Det vert søkt om eit lite uthus til lagring av m.a. ved, propan og eit aggregat. Søkjar meiner det funksjonsmessig og estetisk er beste løysinga å ha eit frittstående bygg nokre meter frå hytta, i høve til eit tilbygg på eksisterande hytte. Han grunngjev det og med branntryggleik og snøtilhøva rundt bygget.

Hytta vart omsøkt som støls-/gjertarhytte og godkjent

Kvinnherad kommune

*-felleskap og trivsel –utvikling og vekst*

## Side 5

oppført i 2001 som driftsbygning i landbruket (jf. § 81 i PBL frå 1985). Praksis sidan dess er at bygg av denne type vert karakterisert som fritidsbygg, og difor treng dispensasjon frå arealføremålet LNF. Ein vurderer og dette som naudsynt i tilfellet med uthus i tilknytning til denne hytta.

Det ligg ca 10-12 hytter ved Mannsvatnet, dei fleste vart bygd på 40 og 50-talet, men det er og bygd 3-4 hytter dei seinare åra frå 1997 til 2003. Nokre har og blitt ombygde/restaurerte.

Mannsvatnet og området rundt er eit turområde som vert mykje nytta, då er lett tilgjengeleg, og forholdsvis kort tur frå bygda.

Det omsøkte bygget skal plasserast lavt i landskapet, slik at ein tar omsyn til omgjevnadane, det skal og stå i stil til eksisterande hytte når det gjeld materialval og farge.

Bygget vil slik administrasjonen ser det ikkje vera til vesentleg ulempe for verken friluftsliv- eller landbruksinteressene i området.

Administrasjonen meiner at det kan vera nyttig med eit permanent bygg, i motsetning til å lagra veden under ein presenning. Sidan hytta berre er ca 35 m<sup>2</sup>, er behovet for lagerplass tilstades.

## Konklusjon

Administrasjonen meiner ut frå vurderingane ovanfor at det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med dei offentlege og allmenne omsyn som planen og planlovgjevinga skal ivareta. Omsyna bak planen vert ikkje vesentleg tilsidesett, og ulempene ved dispensasjonen er mindre enn føremonene.

## Vedlegg:

1. Oversiktsplan
2. Situasjonsplan
3. Biletmontasje
4. Søknad



Figur 3 Eksisterande hytte